



## VELKOMMEN TIL PRESTMARKA BARNEHAGE SMÅ OG STORE!

Barnehagen startar opp nytt barnehage år for borna Måndag 18. august.

.....er velkomen på avdeling .....

### OVERGANG HEIM / BARNEHAGE.

Overgangen frå heim til barnehage kan vera vanskeleg for mange born. Det er difor viktig å leggja tilhøva til rette slik at borna gradvis kan venja seg til det nye miljøet med mange ukjende andlet. Me vil difor rå til at foreldre eller andre nære er ei tid saman med barnet dei første dagane. T.d. kan du som er med barnet ta korte turar vekk frå barnehagen. Gje då sjølvsgt beskjed til barnet og personalet. Vis barnet ditt at du er trygg for at det har det bra. Dersom du lurer på om, og når, du kan gå frå barnet – spør personalet, dei har lang erfaring med dette, og kan rettleie dykk her. Husk å gje frå deg eit telefon nr me kan nå deg på dersom me ønskjer du skal kome raskare attende enn avtala.

Dei nye borna bør og få tilpassa seg med ei kortare opphaldstid dei første dagane. Dersom barnet ditt er «engsteleg» i enkelte samanhengar t.d. ved toalettgåing er det viktig at du gjer personalet på avdelinga merksam på det.

Dersom barnet græt eller er redd når du forlet det, hugs berre at dette er ein normal reaksjon som vil forsvinne med støtte og omsorg frå dei som kjem til å vera med barnet kvar dag. Etter dei første dagane er det best at de gjer «morgon – adjøane» korte.

Hjelp barnet med å pakka ut ranselen, ta av jakke og sko. Snakk om kvar de skal når de går, og når de kjem attende. Sjølv om barnet græt, er det viktig at barnet ser at mor / far syner at dei er trygge for barnet. Personalet vil i oppstartinga få hovudansvar for enkeltbarn. Når barnet er trygt vil ein løysa dette meir opp. Men ein kan sjølvsgt ta kontakt med heile personalgruppa også i denne perioden.

Husk å gje oss beskjed dersom barnet ditt har allergi, det er matvarer barnet ikkje tåler og liknande som me treng vite om frå første dag.

Nokre foreldre ønskjer at barnet skal sove ute i vogn, noko som er heilt greit for oss. Når det gjeld kler ønskjer me at borna er fornuftig kledd, kledda skal vera egna til å leike i ute som inne. Bruk kvardagsklede som tåler å verte skitne. Lurer du kva som er fornuftige klede så har me masse erfaring om det og, så spør oss gjerne.

### TIDER

Det er ei føremon for barnet at de kjem i barnehagen i kjernetida: kl. 09.30 – 14.30. I kjernetida foregår dei tilrettelagde aktivitetane; måltida, turar, samlingsstunder osb. Dersom barnet kjem seinare frå tid til annan, t.d. ved tannlækjar – legebesøk, eller om det har god til ein morgon, gje då personalet eit ord om dette.

Av og til er det naudsynt for personalet å komma i kontakt med foreldra i løpet av dagen. Gje difor alltid beskjed dersom de ikkje er å treffa på dei telefon nummera som er gjevne til barnehagen.

## MÅLTIDER

Dei borna som ikkje et frukost i heimen kan ete frukost hjå oss. Då må dei ha med seg niste til frukosten heimafrå. Me har frukost fram til 8.30, kjem ein seinare enn dette må barnet ha ete heime.

Barnehagen har to faste måltid for dagen: Hovudmåltid kl. 11.15 og frukt kl. 14.30. Barnehagen handlar inn brød, pålegg og mjølk til hovudmåltidet. Innimellom lager me i staden varme måltid og bytter slik ut brødmåltidet. Me ligg vekt på eit sunt kosthald og næringsrike måltid til borna, og me prøver å unngå mat og drikke med mykje tilsett sukker. Me bruker ikkje nugatti og syltetøy til måltida, og brukar vatn som tørstedrikke mellom måltida.

Men innimellom må me kose oss, og på tradisjonelle fester som t.d. julefesten og til bursdagar vert det litt sukkerhaldig mat.

Til bursdagane får borna frukt, nokre seigmenn/sjokoladebiter og ein is. Bursdagsbarnet står i sentrum, og me heiser flagg, syng bursdagsang, barnet får krone og bananbåt, og masse positiv merksemd. Dette kan variere litt mellom avdelingane.

<b>Takstar:</b>	5 dg	kr. 320,- pr måned
	4 dg	kr. 256,- pr måned
	3 dg	kr. 192,- pr måned
	2 dg	kr. 128,- pr måned

De vil få tilsendt bankgiroar for betaling av matpengar frå kommunen saman med betaling for bhg. plass.

Dags rytme småbarnsavdelingane	Dags rytme 3 – 6 årsavdelingane
7.30 Barnehagen opnar (Barnehagen opnar 07.00 for dei som Har meldt seg på det tilbodet) Frukost; ferdig til kl. 08.30.	7.30 Barnehagen opnar (Barnehagen opnar 07.00 for dei som har meldt seg på det tilbodet) Frukost; ferdig til kl. 08.30. Fri leik og tilrettelagde aktivitetar
9.30 Rydding	10.30 Rydding
9.40 Samlingsstund	10.45 Samlingsstund, felles eller delt i gruppe
10.00 Påkledning Uteleik / tur	Handvask
11.15 Inn til måltid og avkledning Handvask	11.15 Måltid Wc-gang og handvask
11.25 Måltid Bleieskift /wc-gang	Påkledning
12.30 Soving / rolege aktivitetar / leik	12.00 Uteleik
14.30 Fruktmåltid Fri leik inne / ute Gradvis opprydding	14.10 Rydding ute Avkledning
16.30 Barnehagen stengjer	14.30 Fruktmåltid Fri leik inne / ute Gradvis opprydding
	16.30 Barnehagen stengjer



### Me som arbeider i Prestmarka dette året er:

Når det gjeld assistentane er ikkje dei plassert på avd. – dette fordi det i skrivande stund ikkje er heilt avklart kvar den enkelte skal vera. Kan vera at det dukkar opp fleire namn på lista og, då ikkje alle tilsetjingane er avklara enno.

Sørastova:	Ped. leiar:	Karen Ann Ervik
Nordastova:	Ped. leiar:	Veronika Instebø
Kjellarstova:	Ped. leiar:	Katrine K. Murberg
Småstova Raud:	Ped. leiar:	Linn Tjore
Småstova Blå:	Ped. leiar:	Inger Berit Landgård
Avdeling Dale:	Ped. leiar:	Agnethe Wedaa
Avd. Førskule:	Ped- leiar:	Therese Barvåg

### Øvrige personale:

Barnehage lærar: Anne Mette Krøger, Christin Hansen, Bodil K. Unneland  
Støtte/spesial Pedagog: Kristi Gundersen, Gry Kjersti Birkeland, Ann Kristin Mangerøy

Barne og ungd.arb/ass: Lisbeth Frydenlund  
Aina P. Storheim  
Randi Villanger  
Reidun Skjelanger  
Åse Gunn Bøe  
Wenche Frantzen  
Reidun Lervik  
Anita Solen  
Monica Røyseth  
Bente Løvås Morken  
Torhild Grevle  
Renate Thomassen  
Anne Gro Fitje  
Jill Kristin G. Bøe  
Mona Ottesen  
Britt Heidi Christianslund  
Cathrine Kvalheim  
Hege Ulvatn Morken  
Karen Magrethe Lervik  
Veronica Ynnesdal  
Grethe Jørgensen  
Elisabeth Taule

Kontorassistent:	Laila V. Hermansen
Reinhold:	Reinholdsteam under leiing av Merethe Fjellsende
Einingsleiar:	Rita Valdersnes Amundsen
Styrarassistent:	Kristin Smith

Saman med dette brevet er det lagt ved barnehagerute, helseskjema, + påmelding til utvida opningstid.

**HUSK:**

Gje oss gjerne eit ord dersom de startar opp seinare enn måndag 18. august.

Dersom de har spørsmål er det berre å kontakta oss.

De vil få meir fullstendig informasjon frå dei avdelingane barnet skal gå på ved oppstart.

De vil og få jamleg informasjon gjennom året om aktivitetar og planer for avdelinga barnet ditt skal gå på.

**ME GLER OSS TIL Å VERTE KJEND MED DYKK, OG SER FRAM TIL EIT GODT SAMARBEID!  
FORTSATT GOD SOMMAR!**

Venleg helsing

Rita Valdersnes Amundsen  
Einingsleiar

